

Inga Veen

Espeland skule



Espeland skule slik den ser ut i dag (2014).



Skulen omlag 1955 (foto Norges bebyggelse)

Inga Veen, Sandnes har lagt ned et omfattende arbeid med å sanke inn stoff til denne artikkelen som hun deretter skreiv ned i 2014. Siden dette har Turid Veen, Nærbø kommet med enkelte rettelser som er tatt med. Disse rettingene er gjort i samråd med Inga. Framstillingen gir således et godt bilde fra denne skulen, med avskrift av protokoller, oversikt over lærerne på skulen, fortellinger fra elever av hva de husker og bruk av skulehuset i dag.

Historikk

Denne af 68 Blade bestaaende Protokol autoriseres herved til Forhandlingsprotokol for Tilsynsudvalget i Espelands og Maudals Kredse. Birkrems Skolestyre den 29de Januar 1890

The. F. Hysing Form. i Skolestyret.

Dette er skreve bak i ein protokoll som låg i kateterskuffa på Espeland skule og som vart brukt heilt til 27. juli 1957. Her kjem det eit samandrag fra denne protokollen, I det første møte, 28. desember 1891, er det valg av tilsynsutvalg, og det står m.a.: «*Dernest besluttedes enstemmig at legemlig refselse skulde tillades i nevnte kreds.*» Det er enstemmig. Den 11. januar 1897 er det ein stemme mot legemleg refselse, 29. desember 1898 er kroppslig refselse nemnt for siste gang. Den 14. desember 1900 er det nemnt brensel, ein skal skaffa ved og nokon som skal fyra.

Den 14. april 1903 vert det referert noko som tilseier at skulen er brunnen ned, det er kretsmøte på Espeland for å velje bygningskomite i høve til det å bygga ny skule til erstatning for den som var brunnen ned. Allereie 28. september same året er nytt skulebygg på plass då dei samlas til møte i tilsynsutvalget. Den 13. desember 1907 søkjer dei skuletida forlenga med tri veker, og 4. januar 1908 vedtek dei at det skal vera landsmål og det er samrøystes.

I 1918 står navnet på ny lærar innstilt av kretsen. Og 13. februar 1922 vert det bestemt at det skal byggast ein lem til i skulehuset. Den 5. desember 1930 vart det samrøystes vedteke å søkje skulestyret om oppføring av lærarbustad på Espeland. Det skulle ta mange år før den vart bygd og da det skjedde var det på Hovland. Den første læraren som budde der var Olav Engedal i skuleåret 54/55 da eg gjekk i sjette klasse. Da var lærarbustaden heilt ny.

Den 22. august 1936 står det om turvis skule, storskule ei veke, småskule ei veke. I 1937 vart det avslutta, det er for travelt. Og i 1937: «*Daa Krinsen har lide og rinkt skulehusvære vart det samrøystes vedteke aa søkja skulestyre um aa faa ei stove til paabygd*». Eg går ut fra at det var det som er kammers og som fleire av lærarane budde i. Den 31. august 1945 er det nemnt elektrisitet i skulehuset.

Ingeborg Veen f.1902 skriv dette i 1988 til familien

Nå vil eg fortelja om kost me hadde det på skulen for 75 år sidan.

Me hadde lang skuleveg å me gjekk berre på treskor som far hadde arbeid. Vegane vart ikkje brøyte i den tid, så når det vart mykje snø måtte me berre vassa. Me gjekk etter kvarandre, å brøyte ei stund kvar. Me vart våte so me hadde med sokkar å byta når me kom fram. Når det var alt for fælt, så kørde far oss.

Me gjekk annan kvar dag i 14 dagar om gongen. Læreren hadde ein skulepost til, dei andre 14 dagane. Læreren var i frå Sunmøre å han kunne svært lite læra oss.

Den fyrste time song me fyrst et salmevers. Så var det anten forklaring eller bibelsoge. Lekser som me lærde heime vart høyrde på skulen. Andre timen var det skriving og rekning. Me fekk lekser so me lærde heime, og så vart me høyrde i dette dagen etter.

Der var kje kladdebøker i den tid, så me fekk tavler og griffel å skriva med. Når me hadde rekna full tavle, turka me det ut å begynte på nytt. Me lærde tabellen og å ganga å dela. Dei siste åri lærde me litt brøk og regulatri, lenger kom me ikkje i regning.

Der var heller ikkje blyantar, so me bruka penn å blekk når me skreiv. Dei siste åri fekk me litt lette stilar. Dei siste åri fekk me og litt Norgeshistorie og kyrkjesoge, å naturfag og geografi. Men i geografien lærde me berre om Norge. Det var om byar og elvar rundt i landet. Når me var kome til endes på boki begynte me opatt. Så me fekk aldri læra om noko anna land. Stundom hengde læreren opp et Europa kart så me fekk sjå litt av Europa. Me snakka aldri i timane, so det

var heilt stildt. Me hadde stor respekt for læraren.

Der låg et vatn frametter vegen. Når det var sterkt skjeisa me til skulen. Me var og å rende på det i friminuttane. Når eg tenkjer tilbake på det litla me lærde den gong, var det kje meir en me kunde lært på eit år.

Ingeborg Veen

Skulen

Espelands skule ligg på ei slette og er det første huset ein møter når ein kjem nordfrå og krysser brua over Grunnåna som renn frå Ytre Vinjavatn til Storavatnet. Skildringa av huset er slik eg hugsar det då eg sjøl gjekk på skulen (1949-1956). Der ligg altså skulehuset, ved sida av er det ein skut, eit gjerde går rundt og rammar inn skulegarden, og mot vegen er ein port.

Inne i skulehuset går me først gjennom eit lite bislag og kjem inn i gangen der ei bratt trapp fører opp til loftet. Ved sida av trappa er eit vindauga der me ser vatnet og Veen i enden av det.

Oppe på loftet til venstre ser me tydelig at det er påbygd eit kryploft ein halv meter høgare. Turid Veen fortel at her låg det mykje rot då skulen skulle leggjast ned. I gangen, på høgre sida av døra inn til kammerset, stod det ein gamal svart komfyr det gjekk an å koka på. På veggen var det knaggar til å hengja klede på. I golvet bak inngangsdøra var det ei luke. Denne vart brukt når vatnet i springen fraus. Ein måtte då krypa under golvet å prøva å tina opp røyra som låg der. Det er ikkje kjellar under skulehuset. Rett fram i gangen går ei dør inn til eit kammers. Når me kjem inn ser me at det har to vindauge, der er eit skap, ellers ikkje noko. Då det budde lærarar her hadde dei møbler med seg sjøl.

Ute i gangen att er det ei dør til høgre som fører til klasserommet. Til høgre i klasserommet er det spring med utslagsvask og til venstre ein stor vedovn med skjerm Brett framfor seg og ein stor vedkasse som ein kunne fylla med fabnaved. Bak i rommet står to skap, eit med skulemateriell og eit med utlånsbøker. Ute på golvet står rekkjer med pultar i to størrelser. Bord og stol heng saman, det er eit trebrett for føtene og eit stativ for ranselen, og i pultlokket eit hol til blekkhuset og ei rille til å leggja pennen i.

Frå taket heng kuleforma taklampar. Framme i skulestova står kateteret. Det er høgt, tett framme og på sidene og med ein stol bak. Dette vart bytta ut med eit bord, åpent, avlangt med ei skuffe på kvar side der m.a. protokollen låg. Over er det kartstativ med kart over Palestina, Noreg, Europa og Verda, så vidt eg hugsar.

I tillegg til skulehuset er det ein skut som inneheld to do, jente- og gutedo og ein vedaskut.

Lærarar

Eg gjekk på Espeland skule frå 1949 til 1956. I dei åra hadde eg åtte lærarar, ein kvart år og i andre klasse hadde eg to. Lærarane var:

- Astrid Vassbø 49/50
- Jostein Sie 50
- Otto Bronbakk 51
- Olav Arnfinn Kalhovd 51/52
- Oddvar Gripsrud 52/53
- Åsa Fuglestad 53/54
- Olav Engedal 54/55
- Gunvor Reinertsen 55/56

Lærarane vidare framover til 1967 då skulen vart nedlagt:

- Gunvor Sundvor 56/57 – sluttet 1. januar 1957
- Astrid Vassbø 57/58 – begynte 1. januar 1957
- Astrid Vassbø 58/59
- Astrid Vassbø 59/60
- Kai Erik Simonsen 60/61
- Arne Byberg 61/62
- Arnulf Engstrøm 62/63
- Tordis Bue 63/64
- Hans Oskar Engen 64/65
- Turid Veen 65/66
- Signe Ånestad 66/67

Skulebilete



Handarbeidsklassen skuleåret 1953/54. Fra venstre Jorunn Veen, Inga Veen, Karen Espeland, Turid Veen, Ingfrid Espeland, Bjørg Espeland, Tyra Espeland og lærar Gudrun Apeland.



Espeland storskule, våren 1966.

Bak f.v.: Arvid Sundvor, Inge Sundvor, Arne Veen, Asgaut Sundvor, Jorulf Veen, Tønnes Veen, Torbjørn Espeland. Framme f.v.: Kari Sundvor, Ingunn Espeland, Ragnhild Grøtteland, Kari Malmei, Margunn Ween, Kari Torhild Grøtteland. Bak: Lærer Turid Veen



Espeland småskule våren 1966.

*1. rekke f.v.: Kari Veen, Gunvor Malmei, Synnøve Grøtteland, Ingunn Sundvor.
2. rekke f.v.: Tore Malmei, Roar Malmei, Vigmund Espeland, Magne Sundvor, Anbjørn Sundvor, Paul Sundvor, Oddvar Sundvor, Magnus Sundvor, Reidar Sundvor. Bak: Turid Veen.*

Skuleminne

Då eg byrja på skulen i 1949 var det udelt skule, alle elevane frå første til sjuande trinnet gjekk i saman i ein «klasse». Me var ni elevar dette første skuleåret, to gutar og resten gjenter. To av oss var på same trinn, det var ei som var like gamal som oss to, men som hadde byrja på skulen året før fordi ho hadde slik lyst til å byrja på skulen. Og så var det ein som var fødd i slutten av året og som venta til året etter. Men ho var så flink i rekning og arbeidde seg til å koma føre oss etter kvart. Sett i etterkant var det noko «moderne» med Espeland skule i nokre høver, slik som at ein her arbeidde i sitt eige tempo og ut frå sine eigne evner.

Det var dei to første åra eg gjekk i samla klasse. Då eg kom til tredje trinn, vart skulen delt i storskule og småskule, og ein gjekk annan kvar dag. For å få til todelt skule med at det var nok elevar til dette vart to elevar testa og prøvde, og fekk byrja på skulen då dei var seks år.

Det var stor framgang for oss elevar å få todelt skule. Med alle i ein klasse vart det eit og anna ein kunne grubla på når ein høyrde på undervisninga frå sjuande trinn og sjøl gjekk i første. Eg hugsar eg høyrde om «Pi» ein periode men skjøna ikkje kva ordet tydde, og stor var skuffelsen då eg kom i sjuande trinn og det viste seg å berre å væra eit tal.



Espeland skule 1949.

Bak f.v.: Tyra Espeland, Jorunn Veen, Ingfrid Veen, lærar Astrid Vassbø, Leif Paulus Malmei, Asbjørn Sundvor. Framme f.v.: Inga Veen, Karen Espeland, Ingfrid Espeland, Bjørg Espeland.

Skulehuset låg på Espeland og eg som budde på Veen hadde lang veg, tri kilometer. Dei to første skuleåra var det ein elev på Malmei og ein på Sundvor, etter det var det bare elevar frå Veen og Espeland på skulen.

Det første året vart eg i begynnelsen sykla av mor og ein eldre elev, men etter kvart sykla eg sjøl, eller me gjekk. Om vinteren måtte me gå eller me gjekk på ski. Me gjekk på vatnet når det var frose og det låg snø på det. Då laga me løyper og gjekk på ski. Då gjekk det fort å koma på skulen. Det kunne og henda at me vart kjørte med hest og slede dersom været var rektig dårleg. Då var det verst å sitja framme på sleden for der kunne ein få kladdane frå hesteføtene rett i fjeset.

Etter ein slik tur var det godt å koma inn i ei varm skulestove. Det vart fyrst godt i ovnen. Dei som sat nærme fekk det heit mens dei som sat ved vindaugo kunne ha det meir kjølig for det var

enkle golv og ingen kjellar, og kaldt fra vindaugo. Våte klede og sko fekk sin plass under og framfor ovnen og på skjermbrettet.

Om morgonen stod me og helsa på læraren, og me song salmer som «Lova Herren» «Sjå dagen sprettt» «No livnar det i lundar». Og før me gjekk heim var; «Fager kveldsol smilar» ein viss favoritt. Og me bad Fadervår om morgonen. Etter mi tid hadde ein av lærarane husorgel og spela til sangane.

Fyrste timen var det bibelsoge, forklaring og kyrkjesoge. Me fekk lekser som me lærde utenat. Det var fast skikk å stå ved sida av pulten då me vart høyrde i leksera.

Så var det rekning og norsk, og lenger utpå dagen landkunne, soge og naturfag. Me hadde ofte stil. Eg lika svært godt å skriva stil og ein gong var stilen min på atten sider. Men det var mykje ordfeil i stilane mine – det lyste raudt av dei.

Sjøl om me hadde mange lærarar og dei fleste var ufaglærte så har eg ei oppleving av at eg fekk gode kunnskaper. Særlig i norsk grammatikk fekk eg eit godt grunnlag og eg lika det godt. Men det var mykje pugging, lite vart fortalt først. Einaste gongen var då Martin Veen var vikar og han fortalte bibelsoga så levande at me mest ikkje trong pugga for å hugsa ho.

Når pugging ein gong ikkje hjelpte, sprakk det for ein lærar ein gong og vedkommande truga med at elevane måtte sitja att dersom dei nå ikkje lærde leksera. Det var «målenheiten» det var snakk om, at ein meter var 10 dm, 1 dm var 10 cm osv. Dei fekk ein siste sjanse eller ta konsekvensane. Og dette måtte tri gutar frå Veen. Dette var stort nytt, ingen kunne minnast at nokon hadde sote att. Kanskje gutane ville prøva om læraren meinte det? Dei sat att og kom heim fra skulen ein time etter at dei skulle. Då dei nærma seg Veen og såg bøndene som var ute og arbeidde på markene reiste dei seg opp på syklande og skrik av full hals: «*Me hæ sede ikke, me hæ sede itte!*»



Espeland skule, skuleåret 1957/58.

*Bak f.v.: Karin Ween, Kari Reidun Malmei, Lærar Astrid Vassbø, Einar Veen, Velle Espeland,
Framme f.v.: Paul Espeland, Helga Veen, Hallvard Veen.*

Frikvartera

Ein viktig del av skuledagen for oss elevar var frikvartera. Då var det tid for leik og avkobling. Mykje av tida slo me ball, kanskje eg opplevde det slik sidan eg hadde ballskrekk og var så dårlig til å ta hys. Ellers hadde me «Lite vink» «Stela stein» «Boksen av». Var det dårlig vær fekk me lov å ha blindebukk i gangen.

Om våren gjekk isen på vatnet opp og vart til isflak og dei segla me på. Ein gong heldt det på å gå gale, men så vart den som stod på isflaket berga av ei lang stong som læreren retta ut. Frå då av vart det slutt på den aktiviteten.

Det var ingen ringeklokke som ringde når me måtte inn til time, nokre lærarar ropte eller brukte ei fløyte, nokre plystra. Nokre av lærarane hadde avtale om å eta middag hjå naboar på Espeland og då var me aleine på skulen. Me hadde matboksar med skiver og flasker med mjølk. Dei som budde aller nærast skulen gjekk og heim og åt middag.

Som regel var me snille og veldisiplinerte då me styrte oss sjølv, men ein gong hadde ein gut klatra opp på det høge skåpet og måtte hoppa ned då læraren kom. Nei me fant sjeldan på noko gale bortsett frå ein gong. Det var ganske grovt. Det var om vinteren, isen låg blank på alle vatna og læraren hadde lova oss at etter det store frikvarteret skulle me gå til Storavatnet og gå på skeiser.

Så var det frikvarteret før, me var nede på Vinjavatnet og held på med leiker på vatnet. Det låg snøfenner på vatnet så det var ikkje skeiser me held på med, kanskje det var derfor me skulle til Storavatnet for der låg blank is. Eg veit ikkje kven det var som sa: «*Skal me gå til Holmen?*» Holmen det er tale om ligg ganske langt opp mot Veen. To av elevane skulle kle på og passa ein liten gut som var med læraren på skule denne dagen, og ein hadde glatte sko. Me andre åtte elevar gjekk avstad og var ikkje komne så svært langt av stad då læraren bles i fløyta si og veiva med armane. Men me fortsatte ufortørna vidare og trong heile timen og kom ikkje attende før det store frikvarteret byrja. Det vart stort oppstyr, som venta. Turen til Storavatnet vart det ikkje noko av, me fekk straffelekse i form av avskrift, to av jentene leverte det på papirrullar. Rart kva snille og til vanlig veldisiplinert elevar kan finna på. Me har sidan delt historia med kvarandre og ledd godt saman med læraren.

Om vinteren når det var kram snø bygde me snøborger, me heldt på heile dagen og det var to stykkjer. Då skulen var slutt og læraren hadde gått heim hadde me snøballkrig mellom elevane på Veen og Espeland.

Ei soge til slutt om kva som kunne gå an i dei dager. På nabogarden, hos venninna mi, hadde dei tri hestar. Den eldste som heitte «Skjæveland» var ein gamal og snill hest. Ein dag kom me på at me skulle ri til skulen og merkelig nok fekk me lov til det. Det var ein fin vår- eller haustdag det bar utover. Då me kom til skulen parkerte me hesten i skulegarden, der var grind som me lukka, så han kom ingen stad. Der gjekk han og åt av det graset som voks der. Me måtte sjå ut vindaugo rett som det var og sjå korleis det gjekk med hesten og i frikvartera den dagen hadde me hendene fulle med å ta oss av hesten. Då skulen var slutt reid me heim, stolte og glade.

Lærarbustad

Det vart bygd lærarbustad på Hovland, tett ved riksvegen, antakelig rundt 1953/54. Den første læraren som budde der var Olav Engedal. Eg kan ikkje hugsa andre lærarar som budde der enn Arne Byberg (1961/62). Men Solveig Grøtteland budde nokre år på sekstitalet med barna sine når dei gjekk på skulen. Nå er lærarbustaden fritidsbolig.

Skulen som forsamlingshus

I mi tid hadde me juletreffestar der me elevar hadde underhaldninga. I nokre år vart det haldt skodespel som vart innøvd i skuletida, eg hugsar: «Prinsessa som ingen kunne målbinda» og «Juleevangeliet»

Der var basar kvar haust, det skulle vera i oktober og det skulle vera full måne, då var det lett å ta seg fram. Valglokale vart også skulen bruka til, og til betaling av kommuneskatt.

Dagens bruk

Eg har fått gå gjennom protokollen for Espeland Forsamlingshus 1967-87. Skulen vart nedlagt i 1967. Tirsdag 18. april var det halde krinsmøte og skulehuset styrt av tilsynsformann Ivar Malmei. Det vart bestemt at heile folket i krinsen skulle stå for huset. Det vart vald styre og laga lover for huset.

Ved å lesa protokollen, som er ganske utførlig, ser ein korleis krinsen ved dugnad tok vare på huset og utbedra det. Det vart skifta vindaugo, lagt belegg på golvet, bygd nytt inngangsparti med ein stor gang, innreia kjøkken i det som før var kammers og det vart bygd nytt uthus. Antall arrangement var kanskje på topp i 1985 med 28 stykk av ymse slag.

På eit årsmøte 14. januar 1970 fortel Ragna Malmei frå då ho gjekk på skulen. Ho hadde heimen sin på Malmei og bruka tresko som fottøy. Olai Vedelden var læraren hennar og han la stor vekt på at borna lærde kristendom utenat. Forklaringa skulle dei kunna ordrett. Viktigaste faget deretter var rekning, og då var det tavle og kritt som vart brukt. Var nokon av borna tørste måtte dei springa til vatnet og drikka.

Nå er Espeland skule forsamlingshus for det meste brukt til kristne møter, søndagsskule, den årlige basaren og den årlige juletrefesten.

Då eg heldt på å skriva om Espeland skule fekk eg hug til å sjå skulen slik den er i dag og lånte nøkkel til Halvard Veen og drog. Store endringer var der, men skulestova var den same.

Eit par veker seinare skulle eg vera på Veen ei tid og då vart eg bedd med på årsmøtet for Espeland Forsamlingshus. Huset var fylt til siste stol av vaksne og born. Halvard leia møtet og Aslaug Undheim viste bilete og fortalte om ein tur til New York og Washington. Så var det kaffi og mykje god mat, det eine fatet kom fortare enn det andre.

Årsmøtet hadde og ein basar for å få inn pengar til huset og der var to bord fulle av gevinstar, eit for born og eit for vaksne. Årene vart seld i stort mon, og det kan ikkje vere få tusen som kom inn. Det var som å vera tilbake i gamletida og med same stemninga som eg hugsar frå eg var barn – praten som gjekk høglytt, spenninga om ein ville vinna gevinstar osb. Så Espeland skulehus fungerer i beste velgåande, det fekk eg oppleve denne kvelden.

Inga Veen

Aaland Gård, mars 2016
Paul Tengesdal